

Saksbehandlar: Kenth Rune T. Måren, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 15/12025-2

Handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2016 – 2017

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2016-2017 vert vedteke slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Fylkesdirektøren for opplæring får fullmakt til å fordele løyvinga til oppfølging av handlingsprogrammet.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

SAKSFRAMSTILLING

Fylkesdirektør for opplæring viser til vedtak i FU- sak 18/2015 og skriv til orientering lagt fram for hovudutval for opplæring den 24.11.2015 «Handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2016 – 2017, notat frå fylkesdirektøren datert 16.11.15.»

I saka gjer fylkesdirektør for opplæring framlegg til vedtak om eit handlingsprogram basert på mål- og strategidokumentet, "God – betre – best!", og prioriterte område i målekartet for opplæringssektoren.

Handlingsprogrammet listar konkrete tiltak som skal bidra til å nå måla i mål- og strategidokumentet.

Fylkestinget vedtok mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015 - "God – betre – best!" i FT –sak 05/12 med desse innsatsområda:

Kvalitet på opplæringa – fellessatsingar i bedrift og skule

- Karriererettleiing og gjennomføring
- Vurdering
- Pedagogisk-psykologisk teneste
- Skuleeigarrolla
- Danning

Kvaliteten på opplæringa i skule – satsingar

- Klasseleiing
- Digital satsing
- Samfunnsrolla
- Rekruttering og stabilisering
- Bibliotektenesta

Kvaliteten på opplæringa i bedrift – satsingar

- Innhaldet i opplæringa
- Dimensjonering av opplæringstilbodet

I planperioden var det lagt opp til følgjande framdrift for innsatsområda:

- 2012: Gjennomføring, karriere, vurdering og digital satsing
- 2013: Oppfølging av skulebruksplanen, samfunnsrolla og etablere samarbeidsforum for opplæringstilbodet
- 2014: Oppfølging av skulebruksplanen, revisjon av bibliotekplanen og utviklingsplan for PPT som konsekvens av skulebruksplanen
- 2015: Rekruttering og stabilisering

Fylkesdirektør for opplæring har hatt ein gjennomgang av status for dei ulike innsatsområda og dette er grunnlaget for utarbeiding av handlingsprogrammet for 2016-2017. I handlingsprogrammet for 2016-2017 har fylkesdirektøren prioritert dei innsatsområda som det er viktigast å vidareføre med tanke på å nå måla i «God-betre-best!».

Tilpassa opplæring

I mål- og strategidokumentet er det lista fleire satsingsområde. Desse støttar opp under eit overordna mål om ei opplæring som legg til rette for at elevane og lærlingane skal ha så gode føresetnadar som mogleg til å utvikle seg personleg så vel som fagleg. Tilpassa opplæring er nedfelt i opplæringslova § 1-3: «Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadane hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidaten». Mange av tiltaka i handlingsprogrammet vil bidra til betre tilpassa opplæring. Fylkesdirektøren vil ha særleg merksemd på at tiltaka ikkje blir gjennomførte som einskildtiltak, men som delar i ei heilskapleg tenking.

Prioriterte satsingsområde

Fylkesdirektøren har prioritert tiltak knytt til følgjande satsingsområde:

Kvalitet på opplæringa – fellessatsingar i bedrift og skule

- Karriererettleiing og gjennomføring
- Vurdering for læring
- Skuleeigarrolla
- Danning

Kvaliteten på opplæringa i skule – satsingar

- Digital satsing

Kvaliteten på opplæringa i bedrift – satsingar

- Dimensjonering av opplæringstilbodet

Samfunnsrolla

I mål og strategidokumentet er det ei mål om at vidaregåande opplæring spelar ei viktig rolle i høve kompetanseheving, næringsutvikling og lokal samfunnsutvikling i fylket. Det er fylkesdirektøren si vurdering at ein arbeider mot dette målet gjennom ei rekke andre fylkeskommunale satsingar. Døme på dette er verdiskapingsplan, klima/miljøplan og folkehelseplan. Ein har difor valt å ikkje ha eigne tiltak i handlingsprogrammet for å nå dette målet. I arbeidet med å følgje opp dei fylkeskommunale satsingane legg fylkesdirektøren vekt på å synleggjere kompetanse, ressursar og fasilitetar ved dei vidaregåande skulane som i større grad kan takast i bruk.

Økonomi

I økonomiplanen er det sett av 0,8 mill. kroner til kostnadskrevjande tiltak i handlingsprogrammet.. Det går fram av handlingsprogrammet kva tiltak som har kostnad knytt til seg. Kostnaden med dei ulike tiltaka vil kunne variere frå år til år ut i frå innsats og omfang. Fylkesdirektøren ber om mynde til å fordele løyvinga til oppfølging av handlingsprogrammet. I

samband med pågåande utgreiingsarbeid (SFJ 2019), vert ramma for oppfølging av handlingsprogrammet vurdert.

Kvalitet på opplæringa – fellessatsingar i bedrift og skule

Karriererettleing og gjennomføring

Mål: Eit fagleg- og psykososialt læringsmiljø som får fleire til å gjennomføre vidaregåande opplæring. (aukar gjennomføringa)

Tiltak	Handling	Tids- periode	Ansvarleg
Produksjonsskule	Prøve ut ordningar med eit praktisk tilbod til ungdom mellom 15 og 21 år som har slutta eller ikkje har starta vidaregåande opplæring.	Pilot 2017	Rektor/fylkesdirektør(kostnad)
Skulekonkurranse	Skulekonkurransar vert utvikla som ein motivasjonsmetode for auka kvalitet og læringsutbytte innan yrkesfaglege utdanningsprogram	2016	Rektor/fylkesdirektør
Ansvarleggjere søkjarar til opplæring i bedrift	Dei vidaregåande skulane har rutinar for å ansvarleggjere og følgje opp elevar som skal ut i lære	2016	Rektor
Styrka relasjonsbygging	Etablere arena for relasjonsbygging mellom elev-elev, lærer-elev, mellom anna gjennom følgjeforskning på elevane sitt psykososiale læringsmiljø.	2016-2019	Rektor/ fylkesdirektør(kostnad)
Fellesfag, Yrkesretting og Relevans (FYR)	Samhandling mellom program- og fellesfag slik at opplæringa vert relevant i notid og framtid	2016	Rektor/fylkesdirektør
Styrke grunnleggjande dugleikar	For å styrke grunnleggjande dugleikar og overgangen mellom grunnskulane og vidaregåande opplæring vert arbeidet i dei regionale nettverka vidareført , og nye satsingar (Språkkommunar) blir etablert gjennom nettverka.	2016	Rektor/fylkesdirektør(kostnad)
Karrierelæring og auka karrierekompetanse	Dei regionale rådgjevarnettverka arbeider med korleis dei kan utvikle arbeidslivsfaget og karrierelæring som grunnleggjande ferdigheit. Karriererettleiarane bidreg i fagnettverka for rådgjevarane i grunnopplæringa	2016	Fylkesdirektør

Kvalitet på opplæringa – – fellessatsingar i bedrift og skule

Vurdering for læring

Mål: Alt vurderingsarbeid skal ha som mål å fremje læring

Tiltak	Handling	Tids- periode	Ansvarleg
Skulevurdering	Skulevurdering blir vidareført som metode for skuleutvikling og blir etablert som ein del av kvalitetssystemet.	2016	Fylkesdirektøren/rektor (kostnad)
Nettverksarbeid	Dei etablerte fagnettverka held fram arbeidet med ein vurderingspraksis som gjer at elevane opplever vurderinga som	2016-2017	Rektor (kostnad)

Auka kompetanse i prøvenemndene. Tettare oppfølging av lærlingar	læringsfremjande. Prøvenemndene arbeider med vurderingskriterium og dokumentasjonskrav for fagprøva i dei ulike faga. Lærlingar i frittstående bedrifter skal ha besøk kvart år og lærlingar i opplæringskontor skal besøkast ein gang i løpet av læretida.	2016-2017 2016	Fylkesdirektøren (kostnad) Fylkesdirektør
---	---	-------------------	--

Skuleeigarrolla

Mål: Sogn og Fjordane fylkeskommune er ein aktiv og synleg skuleeigar, med eit breitt kunnskapsgrunnlag for styringa av vidaregåande opplæring

Profesjonalisering av leiarskap.	Folkevalde og leiarar deltek i KS sitt program «Den gode skuleeigar»	2016	Fylkesdirektøren
----------------------------------	--	------	------------------

Danning

Mål: Alle elevar og lærlingar utviklar etisk, sosial og kulturell kompetanse, identitet og tryggleik i eigen kultur, demokratiforståing og deltaking

Stimuleringsstilskot	Lyse ut midlar som elevar / elevrådet kan søke på for ei fleirkulturell integrering	2016	Fylkesdirektøren (kostnad)
----------------------	---	------	----------------------------

Kvaliteten på opplæringa i skule – satsingar

Digital satsing

MÅL: Det er etablert ein læringskultur der digitale verktøy og læringsressursar er med å auke læringsutbyttet

Tiltak	Handling	Tids- periode	Ansvarleg
Kartlegging og kompetanseheving	Kvar skule skal heve elevar og tilsette sin digitale kompetanse og dømmekraft.	2016-2017	Rektor

Kvaliteten på opplæringa i bedrift – satsingar

Dimensjonering av opplæringstilbodet

Mål: Arbeids- og næringsliv er aktive medspelarar i prosessen kring dimensjonering av opplæringstilbodet

Tiltak	Handling	Tids- periode	Ansvarleg
Skape møteplassar	Fagopplæringsnemnda møter ulike bransjar i fylket for å drøfte framtidige behov for fagarbeidarar.	2016	Fylkesdirektøren

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)